



HJARTDAL
KOMMUNE

VEGEN

MOT EIN NY KOMMUNE



Informasjonsbrev nr 2

Kjære innbyggjar!

Kommune-Noreg er i endring.

Det kommunekartet som blei teikna på 1960-talet vil i løpet av dei nærmaste åra bli endra. Korleis vil dette påverke deg som innbyggjar?

Korleis kan du som innbyggjar påverke dette?

Hjartdal kommune ønskjer både å informere og involvere deg som innbyggjar i denne prosessen.

Innan sommaren 2016 skal kommunestyret fatte vedtak for eller imot kommunesamanslåing.

Spørsmåla vi bør stille oss er:

- Har vi stor nok befolkning og ressursar til å følgje opp alle krava som kjem?
- Har kommunen nok kompetanse til å løyse oppgåvene?
- Er kommunegrensene til hinder for utvikling av nye næringar, busetting og arbeidsplassar?
- Vil kommunen klare seg best aleine eller i større einingar?
- Får ditt nærmiljø mindre å seie i ein større kommune?

Proessen så langt

- Sidan førre informasjonsskriv som kom i slutten av februar har det vore gjennomført møte der ungdom, representantar frå næringslivet, kommunale leiarar/tillitsvalde, folkevalde og den vanlege innbyggjar har delteke. Kommunen takkar for stort frammøte og engasjement på desse møta. På møta blei det gjennomført ein såkalla SWOT-analyse (sjå nedafor).
- Regjeringa har i løpet av våren presentert forslag til kva for nye oppgåver kommunane vil få ansvar for.
- Kommunestyret har vedteke lokale mål for prosessen og kva for alternativ som skal vurderast vidare.



Styrkar, svakheiter, truslar og moglegheiter

Alle reformer har sine fordelar og ulemper. Innbyggjarane i Hjordal fekk i februar/mars høve til å gi uttrykk for sitt syn på dette. Resultata av arbeidsverkstadene ga følgjande resultat:

Styrkar	Svakheiter
Godt og desentralisert tenestetilbod Kommuneøkonomien Turisme/naturen Lokalisering/E134	Lite fagmiljø/sårbarheit Lavt folketal/"For smått" Næringslivet - ambisjonar/risikovilje Kommuneøkonomien Fritidstilbod
Mogleigeiter aleine	Mogleigeiter saman
Lokal styring Oppretthalde tenestetilbodet Utnytte lokale fortrinn	Større fagmiljø Næringsutvikling Styrke tenestetilbodet (bredde og spesialisering) Styrka økonomi
Truslar aleine	Truslar saman
Svekka kommuneøkonomi Svekka påverkingskraft Svekka fagmiljø Svekka tenestetilbod	Sentralisering av tenestetilbodet Svekka lokaldemokrati Færre arbeidsplassar

Utviklingstrekk

Basert på ein rapport frå Regjeringa sitt ekspertutval har kommunestyret fått framlagt ein rapport med utviklingstrekk knytt til sentrale tema i kommunereforma.

- Folketalet i Hjordal vil auke til ca 1700 i 2040, men 40% av veksten kjem i aldersgruppa over 80 år.
- Den desidert største inn- og utpendlinga skjer mellom Hjordal og Notodden.
- Hjordal kommune er avhengig av andre kommunar for å kunne levere tenester til sine innbyggjarar. I dag deltek kommunen i 23 interkommunale samarbeid.
- Regjeringa har foreslått å overføre 20 nye oppgåver til kommunesektoren.
- Omfanget av rettfærdslovgjevinga har auka dei siste tiåra. Stadig fleire saker blir definert som enkeltvedtak og fleire har krav på individuelle planar for dei teneste dei mottar. Dette sett strengare krav til kommunane sin juridiske kompetanse, det medfører meirarbeid og legg beslag på ressursar.
- Det blir stilt stadig strengare krav til den kommunale rolla som samfunnsutviklar.
- Kommunen som demokratisk arena er i endring.
- Kommuneøkonomien er under press og rammevilkåra blir stadig redusert. Kommunen sin økonomi er ein føresetnad for tenestetilbodet.

Lokale mål med kommunereforma

Kommunestyret har vedteke følgjande målsettingar for kommunereforma:

- Eit sterkare fagmiljø
- Større attraksjonskraft
- Eit breiare og meir spesialisert tenestetilbod

Utgreiing av alternativ

Kommunestyret har bede om at det blir gjort ei utgreiing av følgjande alternativ:

- Hjartdal som eigen kommune
- Samanslåing av Tinn, Notodden og Hjartdal
- Samanslåing av Seljord, Notodden, Sauherad og Hjartdal.

Parallelt med utgreiinga av desse alternativa så skal det skje ein politisk sondering for å klargjere kor realistiske desse alternativa er.

Formannskapa i Tinn, Hjartdal og Notodden vil møtast 28. mai på Gaustablikk for å sondere grunnlaget for å starte forhandlingar knytt til eit slikt alternativ.

Når dei ulike alternativa ligg føre vil det bli ny innbyggjarinvolvering.



HJARTDAL
KOMMUNE

www.hjartdal.kommune.no
www.facebook.com/Hjartdalkommune
postmottak@hjartdal.kommune.no

Hjartdal kommune
Saulandsvegen 414
3692 SAULAND

Tlf. 35 02 80 00